

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på møtet, med merknadsfrist 5. mars. Dette er det godkjente referatet frå rådsmøtet 24. februar 2010.

Møtedato: 24. februar 2010

Til stades:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty og Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Solveig Hjelleset (gjeikk etter sak 7).

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som skrivar utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 10. desember 2009

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Oversyn over forskings- og publiseringsstøtte frå instituttet er lagt ved innkallinga. Uthaug orienterte om at tre overføringar frå 2009 er inkluderte i tildelingane.
- B. Uthaug orienterte om at studentrepresentasjonen i UUI er frå fire til fem for å imøtekoma kravet om minst 20 prosents studentrepresentasjon i organ med vedtaksmakt.
- C. IF har fått 34 søkjarar til dei to utlyste stipendiatstillingane. Instituttleiar har sett ned komiteen som skal vurdere søknadene, og med her er: Margareth Hagen (leiar), Kjetil B. Henjum, Øyunn Hestetun og Synnøve O. Rosales. Fakultetet har spurt om kvifor instituttet ikkje har med ekstern representant i komiteen, og instituttet har sendt svar. Det er sett opp ein detaljert framdriftsplan for arbeidet med søknadene, og tilsetjingssaka skal opp i fakultetsstyret 25. mai.
- D. Instituttet har hms-samling 10. mars, og Breivik orienterte om programmet.
- E. Ordninga med tilsette instituttleiarar vil bli evaluert i vår. Breivik orienterte om bakgrunnen for saka. Den interne evalueringa ved IF skal munna ut i ei fråsegn frå instituttrådet og ei eigenevaluering frå instituttleiar. Fakulteta kan framover velja mellom tilsette og valde instituttleiarar, men alle institutta ved same fakultetet må ha lik ordning.

Sak 4 – Rekneskap for 2009 og budsjettet for 2010

Uthaug orienterte om rekneskapen for 2009 og budsjettframlegget for 2010. Budsjetttildelinga frå fakultetet er svært dårleg, og instituttet kan risikera eit reelt underskot i fellesmidlane på eit par millionar kroner ved utgangen av 2010.

Rådet drøfta ulike sider ved den økonomiske situasjonen. Formuleringa i sakspapira om at forskingsfinansieringa er rimeleg bra, bør modifiserast. Møtet gjekk òg gjennom dei ulike sparetiltaka som var føreslegne for 2010, og gjorde endringar i tiltak (H).

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek rekneskapen for 2009 og budsjettet for 2010 til vitande. Rådet sluttar seg til sparetiltaka som er skisserte for 2010, med modifiseringar av punkt (H). Sparetiltaka for 2011 og 2012 vil bli drøfta i eit nytt rådsmøte.

Sparetiltaka for 2010 er då desse:

(A) Innleige av lærarar på faga må reduserast til eit minimum hausten 2010. På dei faga det er mogleg, må vi heilt unngå innleige. Dette vil ha følgjande konsekvensar for dei ulike faga hausten 2010:

a. Arabisk kan leiga inn vikar for Torlakova som har forskingstermin (26.000). I tillegg kan faget leiga inn vikar i påvente av at den nytilsette professoren skal byrja i stillinga, men berre dersom vi får ekstraløyving frå fakultetet til dette.

b. Engelsk kan leiga inn vikar for Hestetun og Sillars for inntil 52.000 kroner (forskningsterminar). I tillegg kan det leigast inn lærarar for frikjøpsmidlar frå Makerere-prosjektet.

c. Fransk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.

d. Italiensk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.

e. Japansk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.

f. Russisk treng ei nærare avklaring av kva faste stillingar som er på plass ved faget hausten 2010.

Lærarbehovet må drøftast nærare når dette er meir avklara.

g. Spansk kan hyra inn vikar for Quesada, som er frikjøpt med midlar frå LIAS-prosjektet 105.000 inkl. sosiale kostnader), og eventuelt vikar knytt til andre eksternfinansierte frikjøp. I tillegg blir det arbeidd med å finna løysingar for to doktorandar som er lova påskjøningssemester etter innlevering på normert tid (i tråd med ordninga som galdt då dei starta opp stipendperioden).

h. Tysk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.

(B) Ingen av faga kan leiga inn eksamenshjelp i 2010 bortsett frå der det trengst ekstern sensor.

(C) Instituttet kan ikkje dekkja utgifter til gjesteforelesarar frå fellesmidlane i 2010.

(D) Instituttet seier opp alle abonnement på tidsskrift, magasin og aviser som blir belasta fellesmidlane ved instituttet. Utgiftene til denne posten var i underkant av 40.000 kroner i fjor.

(E) Sensurmøte og munnlegeksamen skjer via telefon og videokonferanse. Reise og opphald for ekstern sensor blir berre dekka dersom det er særskilte grunnar, og etter søknad til instituttet.

(F) Driftsmidlane til bachelorprogramma vert redusert til 4.000 kroner pr program.

(G) Det blir ikkje gitt meir enn 50 prosent av ordinær kotsats i tilfelle der instituttet dekkjer reiseutgifter.

(H) Instituttet brukte nesten 80.000 kroner av fellesmidlane til innkjøp av bøker i 2009, og dette er stort sett bøker til undervisninga – både til fast tilsette og innleigde lærarar. Instituttet vil oppmoda dei tilsette om å vera sparsame i innkjøpet av bøker til undervisninga, vi vil òg prøva ut ei ordning med eit bibliotek for undervisningsbøker til timelærarane, og vi vil gjera dei tilsette merksame på at bruken av kompendium kan reduserast gjennom å basera seg på elektronisk tilgjengelege artiklar i staden.

Sak 5 – Søknad om BFS-prosjekt

Breivik orienterte om ordninga med rekrutteringsstipend frå Bergens forskningsstiftelse. Ordninga kviler på to viktige føresetnader: at vi har ein gåverik kandidat, og at vi har eit rekrutteringsbehov der denne kandidaten passar inn. Breivik orienterte om søknaden frå Erik Tonning. Saka har òg vore drøfta i eit lærarmøte på engelsk, og innstillinga var hovudsakleg positiv til å støtta søknaden. Instituttleiinga har hatt møte med søkjaren og med fakultetsleiinga om saka.

Samrøystes vedtak: Instituttrådet støttar at instituttet søker finansiering frå Bergens forskningsstiftelse til rekrutteringsprosjektet Modernism and Christianity 2011-2014.

Sak 6 – Programporteføljen ved fakultetet

Undervisningsleiar Harald Ulland og studieleiar Siri Fredrikson møtte og orienterte om saka. UUI ønskjer m.a. ein konsekvensanalyse før det blir gjort vedtak i saka. Det kom fram synspunkt i møte om at fråsegna frå IF tydelegare enn utkastet frå UUI bør understreka at arbeidsgruppa har levert eit godt arbeid, og innleiinga vil bli endra i meir positiv lei.

Samrøystes vedtak: Instituttrådet sluttar seg til utkastet til høyringsfråsegn om programporteføljen som vart vedteke av UUI 17. februar 2010, med dei endringar som kom fram i diskusjonen i rådet.

Sak 7 – Utdanningsmeldinga for 2009

Studieleiar og undervisningsleiar orienterte om utdanningsmeldinga.

Samrøystes vedtak (etter framlegg frå instituttleiar): Instituttrådet sluttar seg til opplegget for utdanningsmelding som er skissert i saksførelegget.

Sak 8 – Forskingsmeldinga og forskarutdanningsmeldinga for 2009

Breivik orienterte om utkastet til forskingsmelding. Rådet hadde ein del spørsmål om tolkinga av talet på publiseringspoeng ved IF.

Samrøystes vedtak (etter framlegg frå instituttleiar): Instituttrådet sluttar seg til utkastet til forskingsmelding for 2009 med dei endringsforslag som kom fram i diskusjonen.

Forskarutdanningsmeldinga er ikkje lagt fram for rådet, men ho vil bli sendt på sirkulasjon til medlemmane av rådet torsdag 25.2.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

